

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2020**

### **Fylkesrådmannen gir slikt svar:**

Einerett gjeld for vanlege drosjeoppdrag, dvs. i enkeltturmarkedet. Den som får tildelt enerett får ikke automatisk anna kontraktskjøring, som pasientreise eller skuleskyss. Det er opp til fylkeskommunen og kontraktsleverandørar eventuelt samkøre kontraktskjøringa med enerett innanfor gjeldande regelverk, slik at eneretten inkluderer all kjøring.

Vestland fylkeskommune starta arbeidet med plan for Einerett i januar 2020. Planen inneberer kartlegging av drosjemarknaden i fylket. Vi har gjennomført undersøkingar for å få på plass eit godt oversiktleg kunnskapsgrunnlag over drosjesituasjonen i kommunane i dag for å finne ut om det er behov for enerett i kommunane/ stadar i Vestland fylke.

I februar hadde vi møte med drosjebransjen i Bergen, og det var planlagt fleire møte med drosjebransjen for å informere og få tilbakemeldingar frå drosjebransjen. Men grunna korona vart nokre av desse møta avlyst. Vi har i staden vore i kontakt med ein del drosje-løyvehavarar for å tilegne oss kunnskap om drosjebehovet i kommunane. Vidare har fylkeskommunen informerte alle kommunane i Vestland fylke pr. brev, i januar/ februar 2020, om arbeidet med enerettar for drosje samt ønske om tilbakemelding frå kommunane. Fylkeskommunen mottok få tilbakemeldingar.

Fylkeskommunen har jevnleg kontakt med helseforetaka, aktuelle kommunar og busselskap. Det er foreteke kontakt/møte med rådmann og ordførar i dei kommunane som fylkeskommunen meinar er mest sårbare og som kan vere aktuelle for enerett for drosje.

Fylkeskommunen sin arbeidsmetode er å kartlegge kva drosjetilbod som er i kommunane i dag samt kartlegge kva type kjøring som er aktuell, og som kan setjast saman dersom det blir behov for enerett. Dette kan vere (avheng av kva som er i den enkelte kommune) TT- kjøring, kjøring til/frå dagsenter og all kjøring som er innan den aktuelle kommunen. Pasientkjøring, skulekjøring og arbeidskjøring er kontraktretta kjøring som kan vere noko vanskelegare å samordne ettersom det alt er kontrakt med andre transportørar som går eit stykke fram i tid. Etter undersøkingar av drosjemarkedet er det funne at det er om lag 9 kommunar som kan vere aktuelle for å innføre enerett for drosje. Dette er kommunar som både har, og ikkje har drosjetilbod i dag.

Fylkeskommunane i Noreg har litt ulike måtar å gjennomføre enerett på i kommunane. Enkelte fylkeskommunar (Trondheim) har vedteke å ikkje innføre enerett, mens (Viken) har vedteke å innføre enerett i fleire kommunar frå 1. november 2020.

Fylkeskommunen har vurdert det hensiktsmessig å vente til etter 1. november 2020 for deretter å undersøke drosjemarkedet og tilgang på drosjebilar i kommunane som er i Vestland fylke. Grunnlaget for vår vurdering er at det er usikkerheit i drosjemarkedet samt litt bevegelse når det gjeld oppseiing av drosjeløyve, nokre av oppseiingane er grunna korona epidemien. Men vi har hatt henvendelse frå nye aktørar som ønsker å starte opp med drosje i kommunane (både i byområda og distrikta) når dei nye regelendringane trer i kraft 1. november, dvs. når bl.a. behovsprøvinga er fjerna.

Einerett kan tildelast kommunar når som helst, når det er vurdert nødvendig. Arbeidet med enerett vil slik sett vere ei kontinuerleg arbeidsoppgåve for fylkeskommunen.